



Småbarnstreffet og søndagsskulen song saman på julefesten. Frå venstre Svanhild Haugland med Torbjørn, Sunniva Myklebust, Elin Marie Kjosnes Kallekleiv, Valborg Sæbøe med Birk og Ingrid Hammar Inntveit. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Tirsdag vart julefeststafetten innleia også i Uskedalen. Den tradisjonelle "barnas julefest" i bedehuset sto først på programmet og no går det slag i slag. Denne gongen var hobbyklubben, småbarnstreffet og søndagsskulen saman om arrangementet som Anne Christine Christiansen leia og som hadde god oppslutnad.



Ingebjørg Haugland (til venstre) og Siv Hanne Kjærland spelar godt saman. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I andakta si tala Gry Sæther (frå Herøysund men no busett i Ålesund) mellom anna om dei vise menn frå Austerland.

- Det står faktisk ikkje noko i Bibelen om at dei var tre. Talet kjem av at dei hadde med seg tre gåver, nemleg gull, røykjelse og myrra, sa andaktshaldaren.

-Ho fekk rask respons frå dei unge festdeltakarane på spørsmåla ho stilte. Mellom anna fekk ho høyra eit døme på at mennene verkeleg var vise: Dei hadde stor kunnskap om stjernehimmelen og visste difor kva for ei stjerne dei skulle fylgja!

Ei gruppe samansett frå småbarnstreffet og søndagsskulen leia av Nelly Kjærland utløyste stor applaus for songen sin og det fekk også Ingebjørg Haugland og Siv Hanne Kjærland for sine felles prestasjonar på piano og fløyte.

Det vart og god plass til artige konkurransar og leikar, leia av Anne Christine Christiansen og Thomas Mathiesen. Sjølvsaft var det også utdeling av pakkar med noko godt i til dei unge og rikeleg bevertning for både unge og eldre før gongen rundt juletreet.

I det heile var det ein fin julefest av det gode, gammeldagse slaget.

Torsdag står ein ny julefest på programmet i Uskedalen, det er den tradisjonelle festen på Vonheim oppe i dalen.

Laurdag blir det julefest for vaksne på bedehuset med Ingolv Gjedrem som talar.

Og så er det klårt for eit nytt år. Nelly Kjærland fortel til uskedalen.no at det første småbarnstreffet blir halde fredag 5. januar og blir gjenteke annankvar fredag. Søndagsskulen startar att 6. januar og då med eit nytt opplegg for 3.- 6. klasse som handlar om BS-agentane. Og 8. januar går startskotet for ein ny Hobbyklubb-sesong. Det blir eit nytt, aktivt år i bedehuset.



Så gjekk dei over sjø og land – i bedehuset i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen).